



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Dykkar ref.:

Vår dato: 23.02.2017
Vår ref.: 2017/317
Arkivnr.: 610

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsvingen 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høyringsuttale - endringar i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar

Fylkesmannen i Rogaland har desse innspela til forslag til ny forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar:

Pkt.2. Talet på barn per pedagogisk leiar

Pkt.2.2 Utforming av norma for pedagogisk bemanning

Erfaringa vår gjennom vår kontakt med kommunane er at intervallet i forskrifta ikkje blir utnytta i praksis og at kommunane held seg til det maksimale talet på barn. Samtidig har mange kommunar i Rogaland ein praksis med at det blir tildelt *styrkingsmidlar* til både kommunale og private barnehagar som har barn med særlege behov. Desse midla blir mellom anna brukte til ekstra personale (som regel personale utan barnehagelærarutdanning).

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaget om å fjerne intervallet og fastsetje eit maksimalt tal på barn per pedagogisk leiar. Forslaget om å erstatte intervallet med ei presisering av at barnehageeigar må vurdere om den pedagogiske bemanninga er tilfredsstillande, er i utgangspunktet godt grunngitt. Vi vil likevel gjere merksam på at dette også kan bli ein *sovande regel* eller ein regel utan reell betydning, slik som intervall-regelen har vore. Barnehageeigarar held seg i stor grad til dei minimumskrava som blir sett i lov/forskrift og gjer i liten grad skjønnsmessige vurderingar som kan innebere at barnehagane blir dyrare å drive.

Eit alternativ kan vere å vurdere kriterium/moment i forskrifta for når ein bør eller må justere ned talet på barn per pedagogisk leiar.

Vi meiner regelen også må sjåast i samanheng med ny § 19g i barnehagelova. Vedtak etter denne regelen vil dels erstatte ordninga med *styrkingsmidlar*, jf. ovanfor, og vil truleg påverke vurderinga av behovet for nedjustering av talet på barn per pedagogisk leiar. (Det er også behov for ei avklaring av grensegangen mellom kommunen sitt ansvar etter § 19g og barnehageeigar sitt ansvar for å legge til rette for/setje av ressursar til barn med nedsett funksjonsevne.)

Pkt.2.3 Andre presiseringar av pedagognorma

Forslaget i § 1 tredje ledd som opnar for auka barnetal når barna har kortare opphaldstid enn seks timer per dag, er forskriftsfesting av ei tolking som no går fram av rundskriv. Vi støttar argumentet om at slike reglar bør gå fram av forskriftsteksten direkte.

I samanheng med berekning av halve plassar og presiseringa av at *eitt barn til* utløyser krav om ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar, vil vi gjere merksam på at fleire barnehagar og kommunar i vårt fylke har sluttå å tilby deltidsplasser på grunn av fortolkinga etter rundskriv F-04/2011. Det blir dermed mindre grad av tilpassing til brukarane sine behov. Dette viser også at kommunane held seg til minimumskrav, som vist til ovanfor. Vi støttar likevel forståinga av regelen, då det er viktig for kvaliteten i barnehagetilbodet.

Pkt. 3 Treåringar

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaget. Ulike definisjonar i regelverket har over lang tid skapt problem i kommunane. Det har dessutan resultert i et «press» mot dei minste barna om å gå over i kategorien for store barn, trass i behov for god pedagogisk støtte vidare.

Pkt.9 Familiebarnehagar

Spørsmål frå kommunar og sektor viser at det har vore noko uklart kva for reglar som gjeld for familiebarnehagar. Vi ser det derfor som ein fordel om dei reglane som gjeld for desse, blir samla i eiga forskrift om familiebarnehagar. Vi ser i tillegg eit behov for å presisere andre krav i forskrift om familiebarnehagar, for eksempel kravet til styrar.

Vi ser av høringsnotatet at Utdanningsdirektoratet konkluderer med at det etter gjeldande rett kan bli gitt dispensasjon frå utdanningskravet også for familiebarnehagar. Fylkesmannen i Rogaland meiner likevel dette heng därleg saman med at forskrift om familiebarnehagar set som ufråvikeleg *vilkår* for drift av familiebarnehage at det blir gitt pedagogisk rettleiing av utdanna barnehagelærar (eller rettleiar med anna kvalifisert utdanning). Pedagogisk leiing er ein føresetnad for å kunne oppfylle barnehagelova og rammeplanen sine krav. Vi meiner at høve til dispensasjon ikkje bør vidareførast når det gjeld pedagogisk rettleiing i familiebarnehagar og støttar derfor ikkje forslaget. Vi vil også vise til at vi har behandla saker om stenging av familiebarnehagar, der utfordringa har vore manglande forståing av krava til pedagogisk innhald og manglande forståing for små barn si åtferd og utvikling. Også på bakgrunn av erfaring med slike saker, meiner vi det ikkje bør vere rom for dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar.

Vi ser at merknadene til forskrifta er meir kortfatta enn dei merknadene/rundskriva som ligg føre etter gjeldande rett. Vi ser det som ønskjeleg at Udir utarbeider ein rettleiar som inkluderer dei presiseringane som ikkje går fram av forslaget, slik at det ikkje blir tvil om at tolkingane framleis gjeld.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Hanne Sørli Ronæss
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Hanne Sørli Ronæss
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 36
E-post: fmrohsr@fylkesmannen.no